



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato: 25.11.2022  
Vår ref: 2022/16051  
  
Dykkar dato: 19.11.2022  
Dykkar ref: 2022/8281

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Martin Søgnen, 5764 3079

## Høyringsfråsegn- Landbruksveg - Alver - 221/1 - Eikefet

Vi viser til høying på søknad om bygging av landbruksveg klasse 8 på gnr. 221 bnr. 1 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 620 meter med ombygging av veg. I søknaden står det om tiltaket at totalarealet er på 35 dekar, alle som jordbruksareal. Interesser i vegen er opplyst å vere 100 prosent jordbruk, altså totalt 100 prosent landbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1, jf. § 1-1.*

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen»*

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganleggjet. Vi har også vurdert landbruksinteresser, og har heller ingen merknader her. I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nytlig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Med helsing

Martin Søgnen  
rådgjevar